



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 05.12.2017

Sak nr.: 17/8151-5

Internt l.nr.: 46488/17

Sak: 53/17

Tittel: Høring - Kystverkets handlingsprogram 2018-2029

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til overordna mål og dei hovudmåla som er lagt til grunn for strategiar og prioriteringar i handlingsprogrammet.
2. Fylkestinget er nøgd med at Stad skipstunnel ligg inne med oppstart første 6-årsperiode. Dette er eit viktig prosjekt for sjøtryggleiken på kysten både nasjonalt og for Sogn og Fjordane. Er det mogleg å flytte prosjektet tidlegare i perioden p.g.a. at andre prosjekt ikkje er klare, ber vi om at prosjektet vert sett i gong tidlegare i fyste perioden.
3. Kalvåg Fiskerihamn ligg inne i siste periode. Dette er siste del av ein større utbetring i fiskerihamna, og vi ber difor om at dette vert sett i gong innan 2020 slik at hamna vert ferdigstilt. Er dette ikkje mogleg krev vi at det vert sett av øyremerka midlar til dette ved ei overføring av fiskerihamnene til regionalt folkevald nivå.
4. Fylkestinget konstaterer at Kystverket ikkje har prioritert utbetring av innseglinga til Flora hamn før i siste 6-årsperiode. Utsprenging av leia/innseglinga til Flora hamn er eit viktig tiltak for skipstrafikken på kysten og tilkomsten til Flora hamn. Fylkestinget ber om at dette tiltaket vert lagt inn i slutten av første 6-årsperiode.
5. Fylkestinget registrerer at utdjuping av 13 grunner i skipsleia til Bremanger ikkje ligg inne i Kystverket sitt framlegg til handlingsprogram. Fylkestinget ber om at dette tiltaket kjem inn i siste 6-årsperiode i handlingsprogrammet.
6. Fylkestinget sluttar seg til Kystverket sine planar om å fjerne vedlikehaldsetterslepet på navigasjonsinnretningane i første 6-årsperiode. Dette er viktig for å sikre sjøfarten langs norskekysten.
7. Fylkestinget konstaterer at Kystverket ønskjer å stimulere til meir sjøtransport ved å styrke tilskotsordninga for overføring av gods frå veg til sjø, samt etablering av ei ny tilskotsordning for investering i utvikling av meir effektive og miljøvennlege hamner. Fylkestinget sluttar seg til desse strategiane/måla.
8. Fylkestinget ber Kystverket sikre at heile kysten framleis får god dekning med oljeverndepot og oljevernberedskap.
9. Fylkestinget ser samtidig at budsjetkapitlet for vedlikehald av navigasjonsinnretningane også inneheld vedlikehald av kystens kulturminner, inkludert fyrstasjonane. Med reduserte rammer og prioritering av sikkerheit til sjøs, er fylkestinget kjent med at dette går ut over vedlikehald av fyrstasjonane. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å styrke grunnlaget for utvikling av kvalitetsturisme langs kysten. I dette bildet er dei ni fyrstasjonane i fylket, derav fire freda, viktige kulturhistoriske element og grunnlag for reiselivsutvikling. Fylkestinget oppmodar derfor om at det blir oppretta ein eigen budsjettpost for vedlikehald av kystens kulturminner og at denne budsjettposten tilførast friske midlar.

